

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: H Haram.

Emne: Julenissen

Bygdelag: Fjörtøft

Oppskr. av: Olav Fjörtøft

Gard: Fjörtøft nøre.

(adresse): Fjörtøft

G.nr. 3. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Oppskrifta er etter eiga røynsle.

Emne nr. 29. Julenissen.

1. Julenissen som deler ut julegaver er her på Fjörtøft (som i Haram i det heile) i røynda kjend fyrst etter 1900-talet. Der han fyrst kom inn var på julefestane til ungdomslaga. I dei serlege julefestane - for born og vaksne - er det serleg etter 1920 at han har blitt eit vanleg innslag i festen, då det vart han som deler ut pakkane med julegodt i til borna.

Men i heimane med born tok julenissen til å bli vanleg ei ti år før. No i tida er han vanleg over alt.

Det er nokså truleg at julehefter og julekort - serleg det siste - noko på veg förde til at julenissen vart den vanlege juleskikk han no har blitt.

2. På julefestar for born er det berre små pakkar med julegodt - frukt, "kakemenn" o. l. - han deler ut. Men i heimane om julekvelden er det mest vanleg at han deler ut alle gävne.

Når nissen har delt ut gåvene, får han gjerne ein ekstra godbit til takk for strevet. Det har samanheng med den gamle skikke at ingen framand som kom inn julekvelden skulle „bera ut att jula“. D. v. s. gå ut att utan å få eit kvart av julematen.

3. Heimane er det vanleg ein av dei eldre brørne som kler seg ut til julenisse. Men det kan og vera far til borna. Det er heller ikkje uvanleg at ein frå grannetūnet går julenisse.

Julenissen skal helst vera noko liten, men tjukke og sterk og med ein stor sekk på ryggen.

4 Nissen er alltid utstyrd med maske (med eller utan skjegg), frøye av rymse farge, knebukse og raud topptuве. Sjeldan har han fotsid kuffe.

5 No er det vanleg at ein kjøper maskene. Det andre utstyret lagar ein sjölv. Det har og vore brukt å laga maskene sjölv - helst då i fyrste tida.

6. It gå julebukke og julegait er ein skikke som det no er slutt med i alle bygdene her. Men skikken var i bruk til litt ut om 1900-åra. Men ein gjekk aldri julebukke om julekvelden. Det var helst i romjula det vart gjort, og helst då når slektningar og grannar samlast til julelag (gjestebod). Skikken var eit innslag i julemoroen. Like julebukkar og julegaiter var utkledde og hadde masker. Var ikkje borna svulle veka før jul, vart dei skumde med julegaita.

7. It julebukkar delte ut julegaver er ukjent her.

8. Julenissen i nolido skikke har ein viss tilknytning til den gamle nissen i folkelrúa.

3.

Eldre folk har fortalt at denne nissen fekk si gråtskål bort i løa så langt ned i tida som i 1850-åra.

Den siste her i bygda som for alvor trüdde på nissen, ei gamal kone, døydde kring 1920. Ho både såg og snakka med nissen, sa ho.

9. Dette er heilt ukjent her. Også andre liknande former er ukjende.

5156